



# Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Arild Spissøy, 5557 2198

Vår dato  
11.08.2017  
Dykkar dato  
«REFDATO»

Vår referanse  
2017/8941 520  
Dykkar referanse  
«REF»

Kommunane i Hordaland

## Informasjon om endringar som følgje av jordbruksavtalen 2017

Jordbruksavtalen kom i hamn i slutten av juni og vi vil med dette informere om nokre endringar som er viktig at kommunane kjenner til.

Dette skrivet er ikkje uttømmende i den forstand at alt av endringar er med, men mange av dei viktigare endringane står her. Vi viser til jordbruksavtalen for full oversikt over kva som er gjeldande for avtaleåret 2017-2018.

Grunnlaget for dette brevet er Prop. 141 S (2016-2017) om jordbruksoppgjøret og Innst. 445 S (2016-2017), samt Prop. 138 S (2016-2017) om reindriftsavtalen og Innst. 454 S (2016-2017). Vi syner og til Stortinget si handsaming av sakene 16.6.2017, og til protokoll frå fordelingsforhandlingar om jordbruksoppjøret 26. juni 2017.

Endringar i rundskriv og vegleiingsmateriell vert gjort fortløpande. Vi vil informere om følgjande endringar og moment i avtalen:

### **Endra soneinndeling for driftstilskott for produksjon av kumjølkk og for spesialisert kjøttfeproduksjon**

Driftstilskott for mjølkk og kjøttfe har geografisk differensierte satsar. Soneinndelinga vart endra for desse tilskotta i jordbruksoppgjøret. Frå 1. juli 2017 vart soneinndelinga for mjølkk og kjøtt oppheva. Det er no sonene for arealtilskott som skal nyttast, Hordaland er i sone 5. Inndelinga og satsane går fram av jordbruksavtalen s.15.

### **Omtale av endringar i vegleiingsheftet for produksjonstilskott**

Gjeldande definisjonar, satsar, intervall og soner går fram av jordbruksavtalen 2017 – 2018. I *Vegleiar til søknad om produksjonstilskott i jordbruket og tilskott til avløyssing ved ferie og fritid*, som kjem medio september, vert dette omtalt.

### **Frå søknadsåret 2018 vil og direktesal av frukt, bær og veksthusgrønnsaker gi grunnlag for tilskott.**

Frå søknadsåret 2018 med utbetaling i 2019 kan ein inkludera direktesal av frukt, bær og veksthusgrønnsaker i tilskottsgrunnlaget for distriktstilskott for frukt, bær og veksthusgrønnsaker. *Landbruksdirektoratet skal utforme detaljane i ordninga*. Om nokon av kommunane har innspel til dette kan ein ta kontakt med Fylkesmannen eller Landbruksdirektoratet.

### **Driftsvansketilskott skal greiast ut**

Jordbruksavtalepartane er einige om å greie ut eit driftsvansketilskott. Arbeidet skal klargjera kriterier, tekniske føresetnader og kostnader for ei eventuell ordning. Rapporten ferdigstillast innan 1. mars 2018. Dette er eit framtidig tilskott (som ikkje er avgjort) som kan kome til å få betydning for tilskott til landbruksnæringa i Hordaland. Landbruksdirektoratet skal være sekretariat.

### **Tilskott til dyr på beite**

Det vises til Jordbruksavtale 2017-2018, kap. 7.6 Tilskott for dyr på beite. Frå og med beitesesongen 2018 vil vilkår for tilskott for dyr på beite gå fram av forskrift om produksjonstilskott og avløysartilskott i jordbruket.

*Landbruksdirektoratet er gitt fullmakt til å bestemme krav til beite og beiting nærare i eigen forskrift.*

### **Velferdsordningar**

Tilskott til avløysing ved ferie og fritid: Tilskottssatsar og maksimalbeløp vert vidareført. Tilskott til avløysing ved sjukdom: Maksimalsatsar for tilskott ved avløysing ved sjukdom vert auka med 25 kroner til 1 555 kroner.

Tilskottsbeløp til landbruksvikarverksemd i avløysarlag og maksimalbeløp per årsverk til administrasjon mv., vert vidareført. Maksimal eigenandel per dag vert heva tilsvarande aukinga i maksimal sats for tilskott til avløysing ved sjukdom og fødsel mv., dvs. til 1 555 kroner per dag.

### **Kvoteordninga for mjølk**

Det vil ikkje vere høve til å kjøpe statleg grunnkvote for ku eller geit i omsetningsrunden 2017.

Reduksjon i produksjonsregionar frå 18 til 14. Nye produksjonsregioner får verknad frå og med omsetningsrunden 2017 for kvoteåret 2018.

Dei nye produksjonsregionane er:

1 Oslo, Akershus

2 Østfold, Vestfold

3 Hedmark

4 Oppland

5 Buskerud

6 Telemark

7 Aust-Agder, Vest-Agder

8 Rogaland

**9 Hordaland, Sogn og Fjordane**

10 Møre og Romsdal

11 Sør-Trøndelag, Nord-Trøndelag

12 Nordland

13 Troms

14 Finnmark

### Tidsavgrensa oppkjøpsordning for geit

I jordbruksoppgjøret vart ei tidsavgrensa og frivillig oppkjøpsordning for kvotar for geitemjølkk vedtatt. Oppkjøpsordninga inneber at i omsetningsrunden 2017 og 2018 vert prisen heva frå dagens 2,50 kroner per liter til 12 kroner per liter for andelen av grunnkvota som vert selt til staten (20 prosent). Føresetnaden for desse prisane er at heile landbrukseigedomens kvote for geitemjølkk, vert selt.

### **Utsiktsrydding i kulturlandskapet**

Formålet med ordninga er å bidra til utsikt og fremme verdiar knytt til kulturlandskapet, samt å gi klimavinster ved at ryddingsvirket skal brukast til bioenergiformål der det er mulig. Ordninga er avgrensa til fylka Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Ramma vert vidareført med 8 millionar kroner i 2018. Ordninga vert forvalta i høve til eigen forskrift fastsatt i 2016.

### **Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)**

Ramma for SMIL vert vidareført med 95 mill. kroner. Det er nemnt spesielt i avtalen at som oppfølging av tverrsektoriell nasjonal strategi og tiltak mot fremmede skadelige arter, kan det gjevast tilskott til å hindre spreing av slike.

Det er eit viktig klimatilpassningstiltak å sikre god handtering av overflatevann og riktig dimensjonering av hydrotekniske anlegg. Hydrotekniske tiltak skal difor få større prioritet ved fordeling av midlar.

### **Tilskott til drenering av jordbruksjord**

I jordbruksforhandlingane blei partane samde om å legge større vekt på drenering som klima- og miljøtiltak gjennom å doble tilskotssatsane for drenering. Satsane har auka til kr 2.000,- per dekar for systematisk grøfting, profilering og omgraving av myr. For usystematisk grøfting inkludert avskjæringsgrøfter, har satsen auka til kr 30,- per løpemeter, avgrensa til maksimalt kr 2.000,- per dekar. Endringane i satsane gjeld for søknader sendt inn etter **1. juli 2017**.

Søkarar som er løyvd tilskott før 1. juli etter gamle satsar, kan sende ny søknad dersom arbeidet på det omsøkte arealet ikkje er starta. Søknader som kommunen ikkje har handsama før 1. juli, vil kunne løyvast med nye satsar (utan ny søknad). Det kan ikkje sendast ny søknad og løyvast høgare tilskott for areal kor arbeidet er starta, i samsvar med forskriftens § 3.

### Kommunen kan melde behov for meir tilskotspengar til drenering til Fylkesmannen

Høgare tilskotssats gjer at ein kan forvente fleire søknader. Kommunen kan fortløpande rapportere behov om midlar til Fylkesmannen på e-post til Øyvind Vatshelle, [fmhooyv@fylkesmannen.no](mailto:fmhooyv@fylkesmannen.no).

Dersom behova er store i høve til tildeling, må vi få melding innan 10. september, slik at vi har høve til å få overført tilskotspengar frå Landbruksdirektoratet.

I perioden 2013-2017 er det på landsbasis sett av 438 mill. kroner til dreneringstilskott. Fram til i dag er det løyvd ca. 200 millionar kroner i tilskott. Det er og sett av 58 millionar kroner til dreneringstilskott i 2018. Dette tilseier at det bør vere romsleg med midlar til drenering i åra framover.

**Tilskott til tiltak i beiteområder**

Det er satt av 3 millionar kroner i 2018 til ekstraordinære behov for tiltak for beitenæringa som følgje av skrantesjuka (CWD) i Nordfjella. I følge Saneringsplan for uttak av villreinbestanden i Nordfjella sone 1 skal dette bl.a. dekke kostnader for sauebønder til oppsetting av grunder rundt salteplasser sommaren 2017.

Fylkesmannen vil sende ut informasjon til beitelaga om dette med det første.

**Økologisk produksjon**

Satsen for arealtilskott til økologisk produsert frukt, bær og grønnsaker aukar med 75 kroner per dekar, til 1 500 kroner per dekar.

**Distriktstilskott for frukt og bær**

Satsane for distriktstilskott for frukt og bær er auka. Dette kjem både konvensjonelle og økologiske produsentar til gode. Dei nye satsane går fram av jordbruksavtalen.

Med helsing

Åse Vaag  
landbruksdirektør

Arild Spissøy  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*